



Helsesjukepleiar

Helseopplysning/faste oppgåver:

Helsesjukepleiar ved barneskulane i Ulstein kommune jobbar etter eit årshjul. Årshjulet er utforma etter retningslinjer frå Helsedirektoratet og etter egne faglige vurderingar på kva som er tidsaktuelt og fagleg ønska. Årshjulet er eit tilbod frå Helsesjukepleiar.

Trefftid:

Helsesjukepleiar har trefftid på Hasund skule måndagar og tysdagar.

Helsesjukepleiar er tilgjengeleg for samtale som enten elev, lærar eller føresette ønskjer. Ønske kan enten kome direkte til gjeldande helsesjukepleiar, eller via føresette/lærar. Føresette og lærar kan og ta kontakt med helsesjukepleiar vedrørande samarbeid om enkelte elevar, eller for å drøfte ulike saker knytt opp mot enkelte elevar/miljø i klassa, eller andre utfordringar.

I dei tilfella der lærar ønskjer at helsesjukepleiar snakkar med bestemte elevar, må lærar ha løyve frå foreldre/føresette til samtale med helsesjukepleiar i forkant av samtale. I dei tilfella der elev tek kontakt med lærar og ønskjer samtale med helsesjukepleiar, er det ikkje nødvendig med innhenting av løyve i forkant, ettersom ønsket kjem frå eleven sjølv. Helsesjukepleiar tak kontakt med føresette i etterkant.

Helsesjukepleiar er fast deltakar i ansvarsgrupper.

Helsesjukepleiar er i tillegg tilgjengelige for undervisning i de ulike klassene etter ønske frå lærar/føresette, f.eks:

- Mobbeproblematikk
- Vennskap
- Sosiale medier
- Ernæring/matpakke
- Aktivitet
- Skulevegring
- Separerte foreldre – ulike heimar

Berre å ta kontakt – Det vert sett pris på 😊

Birgitte Blomstervik – Helsesjukepleiar 70 01 78 80

birgitte.blomstervik@ulstein.kommune.no